



Gjertrud og Herbert Schreiner ( 80 år ) er tilbake på Rabben etter opninga av grensa til Danmark og Tyskland.

**Laurdag 18. juli var dei fyrste tyske feriegjestene på plass i Uskedalen. Det er faste gjester som ikkje sviktar Rabben Feriesenter, sjølv om det har vore mykje usikkert med bookinga denne gongen. Dagleg leiar, Magne Heggøy, rekna 20. juli som opningsdatoen. Så vart det likevel fem dagar tidlegare. Alt no er tre av dei faste familiane frå Tyskland på plass.**

Gjertrud og Herbert Schreiner har vore faste feriegjester i Uskedalen i minst 25 år. Herbert er 80 år, kona Gjertrud er 78. Tre gonger har dei hatt barnebarna til Uskedalen. Familien Schreiner kjem frå Bayernområde. Herbert har jobba på kontor innan forvaltninga. Han likar godt å fiska og har alt vore på sjøen og sikra seg ein god fangst, makrell, sei og lyr. Reisa til Noreg går med eigen bil over Hirtshals til Kristiansand, opp Sætedalen og over Haukeli til Kvinnherad. Fyrste turen til Uskedalen gjekk med Siggie Klemm.

Hans Christian Markert og sonen Jan Christian er godt kjende i Uskedalen. Han var som liten gut med foreldra sine til Rabben alt i 1972. Då var det berre nokre få hytter på plassen. Solveig og Sverre Myklebust var vertsskap. Seinare har familien vore tilbake kvart år. Hans Christian har lært seg norsk på desse åra.



[Hans Christian Markert og sonen Jan Christian er på plass og har alt henta i land fangsten for dagen.](#)

Familien Markert vart etterkvart godt kjend og fekk vener og omgang med bygdefolket. Hans Christian kjenner godt borna til Solveig og Sverre, Steinar og Reidar. Likeins familien Nilsen og jentene deira Kjersti og Gunn Mari. Torfinn Myklebust og Einar Stensletten var i venegruppa. Namnet Arne Musland i Kvinnherad Sparebank er velkjend.

Heimplassen i Tyskland er i område ved byen Düsseldorf. Far og son kom til lands med fisk då vi møtte dei dag. Retur er 1. august. Dei booka tur og opphald på Rabben i november 2019. Det vert ny tur til neste år, då for alle i familien. I år har kona og ei dotter vald sykkelstur i Holland.

Helga og Walter Høss, eit anna par frå Swardswald i Tyskland med fast ferie plass på Rabben, er også på plass i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal